
Vår referanse 2020/78650-7
Dato 21.05.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Fv. 5476 Festevegen - Gnr 70 bnr 27 - Seim - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 23.04.2021 med frist for uttale 21.05.2021.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om dispensasjon for å etablere flytebrygge med 26 båsar ved Feste kai på gnr. 70 bnr. 27 i Alver kommune. Tiltaket ligg nord for Feste nærkjøp.

Saksgang:


Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklara etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg til saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Planstatus:

I følgje oversendingsbrevet er det nyleg utarbeidd reguleringsplan for området, men denne er oppheva av Statsforvaltaren i vedtak av 25.03.21. Arealet er difor å sjå på som uregulert i påvente av ny regulering av området.

Uttale:

Fylkesveg 5476 Festevegen endar i området ved Feste kai, og går over til privat veg forbi nærkjøpet og inn til området der ny flytebrygge skal plasserast.



Flyfoto av området. Ny snusløyfe for buss midt i biletet. Fylkesvegen endar omlag der dagens flytebrygger er plassert, medan ny flytebrygge er omsøkt nord for butikken.

Det er ikkje opplyst om tiltaket medfører meir trafikk eller køyring inn til området, om det er opparbeidd tilstrekkeleg parkeringsplassar for tiltaket mm. Dette er ein mangel ved søknaden. Delar av området ved kai er vesentleg oppgradert dei seinare åra, mellom anna med ny snusløyfe for buss og opparbeidde parkeringsplassar.

Sidan arealet er uregulert vil det etter vårt syn vere behov for eit avkøyrsløyve etter veglova for tiltaket. Den private del av Festevegen vegen avløyser fylkesvegen som ei direkte forlenging, og ikkje som eit kryssområde eller avkøyrsløye slik det vanlegvis er snakk om. Det er difor ikkje aktuelt å stille siktkrav eller liknande i dette tilfellet.

Det vi likevel har hatt merknader til tidlegare under planprosessen er at området bør strammast opp og i større grad vise eigna areal for dei ulike trafikantgruppene som nyttar området. Arealet ved butikk og kai i enden av fylkesvegen er utflytande og har til dømes ikkje eigne løysingar for gåande. Dette meiner vi bør utbetrast før det evt. vert gjeve løyve til ny bruk og nye tiltak.

Vi ber om å få tilsendt Alver kommune sitt vedtak til klagevurdering jf. plan og bygningslova § 19-2.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift